

Luster ut til YouTube-verda i ti versjonar. – Må vera der dei unge held til



Ottum, i dag Otta-tunnelen, fylkets første 'seriøse' vegtunnel på distansen Dale-Skjolden. Foto: Terje Eggum

Åpne deleknapper for artikkelen

20.12.23 20:46

[Terje Eggum](#)


Samferdsla, stølslivet, Brimkjelen, Wittgenstein.

For abonnentar

No er Luster tilgjengeleg på YouTube i ti djupe dykk, kvart av dei fulle av profesjonelt formidla innsyn i ei lokalhistorie som har nesten alt.

Luster sitt store mangfald får luft under vengjene i prosjektet Kulturen i Naturen. Ordna emnevis kjem den store fjord- og fjellkommunen ut til eit stort

publikum. Men tiltaket har eit primært formål, nemleg å møte Luster sine egne høgt på bana, særleg dei unge.



Slik ser sida ut på nettet, her er det berre å velja kva lustrahistorie ein vil grava seg ned i. Foto: Terje Eggum

Skuletimen sitt behov

– Prenta årbøker rekk ikkje langt nok, seier Svein Solheim, leiar av Hafslo sogelag. Saman med Mary Aasen, leiar av Folkeakademiet i Luster, har sogelaget medverka til utvalet og realiseringa.

Den koordinerande rolla, og den stødige handa under regiplanen, har lege til kulturavdelinga i kommunen. Torsdag vart den siste av dei ti produksjonane sjøsette. No er alle ute i det store rommet, på internettet, og tilgjengeleg for kva formål som helst, såleis for både undervisning og underholdning.




Redaksjonen kan sjå tilbake på tre års arbeid, frå venstre Stefan Åberg, Svein Solheim, Erling Bjørnetun og Odd Atle Stegegjerdet. Foto: Terje Eggum

Men også for det aller viktigaste formålet, å byggja opp under det unge Luster sin identitet.

– Me må vera i det mediet dei unge held til i, seier Svein Solheim, og forklarar at prosjektet heile vegen har vore å tenkja skuletimen sitt behov.

Tydeleggjort samband

Og korleis kjem ein i møte eit slikt behov? Kultursjef Erling Bjørnetun peiker på det innlysende praktiske. Kwart av dei ti emna er ein video på omlag 20 minutt, skuletimen er på 45 minutt, såleis med rom for læraren sin intro og klassen sin spontane respons.



Per Birger Lomheim, med fartstid i Statens vegvesen, er ein stor kjennar av lokal samferdsle. Foto: Terje Eggum

Namnet på det unike prosjektet er Kulturen i Naturen. Nemninga seier noko om ideen sin basis, som har vore å løfta fram eit visuelt Luster, for slik å tydeleggjera sambandet mellom det naturgjevne og det som er skapt av menneska gjennom tidene. Kultursjefen er ikkje redd for å lufta store ambisjonar.



Svein Nybø, til venstre, i samtale med Svein Solheim, i og om Engjadalsvegen si historie. Foto: Terje Eggum

– Me trur grepet kan opna opp for ei innsikt som ikkje er gjort tilgjengeleg til no, seier han, og er takksam for den nye fylkeskommunen sin finansielle medverknad.

Innsatsen frå frivillege

Av tre kvart million kroner, som er totalkostnaden, har Vestland fylkeskommune bidrege med nesten halvdel. Luster sparebank og Luster kommune har ytt sin gode del og mange frivillege lag og einskildpersonar har vore med.



Oddstein Haugen er engasjert i Luster sin støls- og turkultur, og medverkar i emnet som omhandlar stølslivet og framtida. Foto: Terje Eggum

– Prosjektet er realisert langt på veg gjennom innsats frå frivillege, seier Erling Bjørnetun, og rosar iherdige tillitsvalde og kunnskapsrike personar elles, som på sine vis har bidrege med aktiv research og eigen innsikt. Han seier det har vore fleire aktuelle emne på bordet, men i denne omgangen er det ti som er prioriterte og gjort tilgjengelege.

Har blitt til undervegs

Produksjonen har gått over tre år og har suksessivt blitt gjort tilgjengelege på nettet.

– Tiltaket har for ein stor del blitt til undervegs, seier Odd Atle Stegejerdet, som representerer kommunen.



Harald Vatne ved inngangen til den gjenreiste stova til Ludvik Wittgenstein, emnet handlar om filosofen sitt liv i Luster. Foto: Terje Eggum

Til det nikkar Stefan Åberg samtykkande. Han er teknisk prosjektleiar og har vore tett på dei innovative grepa som er disponible til eikvar tid. Han har tre år bak seg med spennande utfordringar i eit kreativt felt, som fotograf og videoredigerar.

Bakover, inn i framtida

Kultursjefen presiserer at den drivande krafta har vore å styrka lokalkunnskap og identitetskjensle hjå alle som bur i Luster. Han opplyser at kvart av dei ti emna er freista hekta på eit framtidsbilete.



Tida er komen for å erklæra serien på ti emneproduksjonar klare for eit stort publikum, Odd Atle Stegegjerdet, Erling Bjørnetun, Stefan Åberg og Svein Solheim er spente på reaksjonen ute blant folk i Luster. Foto: Terje Eggum

– Me har late oss inspirera av Vernon i Wisconsin, Luster sin venskapskommune, som har dette slagordet: «Looking forward into the past».

Det er no tiltaket går offentleg. Tilgangen er både kommunen si heimeside og på YouTube, sistnemnde via eige område, der omfang, innhald og formål med prosjektet går fram.